



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
Samferdsleavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2013/039553-006

Dykkar referanse:

Vår dato:  
24.10.2013

### **Klage på vedtak - avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø - fv. 564 - gnr. 5 bnr. 93 Meland kommune**

Statens vegvesen har motteke klage på avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø frå fv 564 hp 8 ved km 0,295 til bustad på gnr. 5 bnr. 93 på Fløksand i Meland kommune.

Vedlagt følgjer alle relevante dokument i saka:

#### **Sak 2013/039553**

Nr.	Avsendar	Dok.dato	Innhald
8	Rune Nilsen	22102013	Avkøyrslø - fv. 564 - gnr. 5 bnr. 93 Meland kommune - utfyllende saksopplysningar i klagesak
7	Statens vegvesen	21102013	Avkøyrslø - fv. 564 - gnr. 5 bnr. 93 Meland kommune - utfyllende saksopplysningar i klagesak
5	Rune Nilsen	28072013	Klage på avslag om utvidet bruk av avkøyrslø - fv. 564 - gnr. 5 bnr. 93 Meland kommune
4	Statens vegvesen	05072013	Avslag på søknad om utvidet bruk av avkøyrslø - gnr. 5 bnr. 93 Fløksand i Meland kommune
3	Meland kommune	19062013	Dispensasjon for bygging av einestad på Fløksand - gnr. 5 bnr. 93 i Meland kommune
2	Statens vegvesen	23052013	Uttale om dispensasjon frå kommuneplan - Bustad i LNF-område - gnr. 5 bnr. 93 - Meland kommune
1	Rune Nilsen	09042013	Søknad om utvida avkøyrslø frå fv. 564 - gnr. 5 bnr. 93 Meland kommune

#### **Sak 2013/034716**

Nr.	Avsendar	Dok.dato	Innhald
2	Statens vegvesen	23052013	Uttale om dispensasjon frå kommuneplanen - Bruksendring frå fritidsstad til bustad - gnr. 5 bnr. 34 - Meland kommune
1	Baard Johannessen	12032013	Søknad om bruk av eksisterende avkøyrslø - gnr. 5 bnr. 34 - Meland kommune

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

### Saksinformasjon

Saka gjeld klage på avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse. Avkøyrsløse ligg langs fylkesveg 564 Rosslandsvegen på Fløksand i Meland kommune.

Den aktuelle eigedomen ligg i eit uregulert område som i kommuneplanens arealdel er vist som område for landbruk-, natur- og friluftsliv (LNF).

I rammeplanen for avkøyrsløse på riks- og fylkesvegar i Region vest er fylkesveg 564 på denne strekninga i *streng* haldningsklasse.

### Saksgang fram til vedtak

Statens vegvesen mottok 09.04.2013 søknad om utvida bruk av avkøyrsløse for ei bustadeining. Vi sendte 23.05.2013 brev til Meland kommune og bad om at arealbruken først vart avklara etter plan- og bygningslova. 20.06.2013 mottok vi svar med melding om at det var gjeve dispensasjon frå kommuneplanen i 2011. I brev dagsett 05.07.2013 gav Statens vegvesen avslag på søknaden etter veglova, med følgjande grunngjeving:

*Etablering av bolig i dette området vil etter vår vurdering være i strid med de rikspolitiske retningslinjene for samordnet areal- og transportplanlegging. Fylkesvegen på stedet mangler eget tilbud for gående og syklende. Dersom det aktuelle området skal endres til å bli et boligområde, bør det skje med bakgrunn i en plan som også omfatter utbedring av fylkesvegen.*

### Klage frå tiltakshavar

30.07.2013 mottok Statens vegvesen klage frå Rune Nilsen. Klagen omfattar i hovudsak følgjande tilhøve/påstandar:

- Saka er allereie handsama lokale politikarar og har vore sendt til Fylkesmannen for uttale/klagevurdering.
- Tomta vart frådelt på 1960-talet med tanke på bustadtomt.
- Saka gjeld ei enkelt tomt. Det er ikkje andre tomter på den sida av vegen, og kommunen har ikkje planar om ny utbygging.
- Ferdsløse til/frå busshaldeplassar langs Rosslandsvegen krev kryssing av fylkesvegen. Det er ikkje i samsvar med målsetjinga om å avgrense kryssingane over vegen.
- Dei tekniske krava kan oppfyllest gjennom ei enkel utbetring av dagens avkøyrsløse. Det vil kome alle som nyttar avkøyrsløse til gode.
- Det er andre i området som har fått godkjenning til liknande prosjekt.

### Vurdering av klage

#### Tidlegare handsaming av saka

Saka er tidlegare handsama av Meland kommune etter plan- og bygningslova. Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet vart sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Statens vegvesen fekk ikkje denne saka på høyring, og vart kjend med dispensasjonsvedtaket i brev motteke 20.06.2013.

Saka har ikkje tidlegare vore handsama etter veglova.

#### Tomta vart frådelt på 1960-talet med tanke på bustadtomt

Mange stader ligg det eldre frådelte tomter i område som ikkje er avsette eller regulerte til utbyggingsområde. Om desse tomtene kan byggast på i dag, må avklarast etter gjeldande

lovverk, mellom anna plan- og bygningslova og veglova. At tomte vart frådelt med tanke på bustadbygging for om lag 50 år sidan, kan ikkje tilleggast avgjerande vekt i handsaminga av saka etter veglova i dag.

**Påstand: Saka gjeld ei enkelt tomt**

Vi viser til følgjande utdrag frå vårt brev dagsett 05.07.2013:


*Tomten som det er søkt om å etablere bolig på ligger på østsiden av fv 564 i eit område med fritidsboliger. Denne saken må sees i lys av at det kan komme flere søknader om bolig her i tiden framover. Dersom området skal endre karakter fra å være LNF-område med fritidsboliger til å bli et boligområde, må det skje med bakgrunn i en plan som også omfatter utbedring av fylkesvegen med etablering av eget vegtilbud til myke trafikantar.*

Det siste året har Statens vegvesen motteke to søknader om utvida bruk av avkøyrsløse for etablering av bustad på austsida av fylkesvegen på Fløksand. Denne klagesaka er den eine, og handlar om bygging av eit nytt hus på ei ubebygd tomt. Den andre saka er ein søknad om bruksendring av eit eksisterande bygg frå fritidsbustad til bustad (sak 2013/039553).

Det er stor etterspurnad etter bustader i Bergensregionen, og Meland kommune er ein av vekstkommunane i regionen. Den største bustadbygginga skjer sør i kommunen, men også område lenger nord er attraktive bustadområde. Det må påreknast at det i framtida kan kome fleire søknader om å bygge på eldre, frådelt tomter og om å bruksendre fritidsbustader til bustader i Fløksand-området. Handsaminga av denne klagesaka må sjåast i lys av dette. Dersom det vert gjeve løyve til etablering av ein ny bustad her, vil det leggje føringar for korleis andre tilsvarende søknader skal handsamast. På sikt kan områda nord for Rosslandsvegen gjennom ei rekkje enkeltsaker ha blitt omgjort til bustadområde, utan at vegsystemet er tilpassa nye transportbehov. Statens vegvesen er særleg uroa for at mjuke trafikantar ikkje har eit eige vegtilbod her.



Flyfoto som viser dei to omtala tomtene.



Utsnitt frå kommuneplanens arealdel. Det gule området viser areal avsett til bustadområde.

Denne klagesaka kan etter vårt syn ikkje vurderast med bakgrunn i at den berre gjeld ei enkelttomt. Saka må vurderast med bakgrunn i at det kan kome fleire søknader om etablering av nye bustader i området framover.

#### Kryssing av fylkesvegen

Vi viser til følgjande utdrag frå vårt brev dagsett 05.07.2013:

*I kommuneplanens arealdel er det på Fløksand satt av areal til bolig på vestsiden av fylkesvegen. Ny boligetablering i området bør skje her. Av hensyn til trafiksikkerheten og trafikkavviklingen er det en fordel at nye boligetableringer i området skjer på en side av fylkesvegen, slik at behovet for å krysse vege blir minst mulig.*

Klagar skriv at ferdsle til/frå busshaldeplassar langs Rosslandsvegen krev kryssing av fylkesvegen, og at det ikkje er i samsvar med målsetjinga om å avgrense kryssingane over vege.

I samband med busshaldeplassar er det mange stader vanskeleg å unngå at det vert behov for kryssing av veg når passasjerar skal anten til eller frå bussen. Busshaldeplassane er allereie etablerte. At det er behov for kryssing til dei, er ikkje eit argument for å auke talet kryssingar ytterlegare i samband med ny utbygging.

Påstand: Dei tekniske krava kan oppfyllest gjennom ei enkel utbetring av dagens avkøyrsla. Det vil kome alle som nyttar avkøyrsla til gode.

Vi viser til følgjande utdrag frå vårt brev dagsett 05.07.2013:

*Det er praktisk mulig å utbedre eksisterende avkjørsel slik at den oppfyller vegnormalens krav til utforming*

Det er såleis ikkje usemje om at det er praktisk mogleg å oppfylle krava til teknisk utforming. Spørsmålet er om eit løyve til utvida bruk av denne avkøyrsla, med utbetring i samsvar med dagens tekniske krav, vil gje ein gevinst for trafikktryggleiken.

Langs vegar med *steng haldningsklasse* opnar *Rammeplan for avkøyrslar på riks- og fylkesvegar i Region vest* for at det i heilt spesielle høve kan gjevast løyve til utvida bruk sjølv om det ikkje er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busslomme og fartsgrensa er 70 km/t eller lågare. Føresetnaden er at dette berre gjeld avkøyrslar som frå før er ekstremt dårlege, og der utbetring av eksisterande avkøyrslar totalt sett gjev ein gevinst for trafikktryggleiken. Døme på ei ekstremt dårleg avkøyrslar er ei avkøyrslar med svingradius under 2 meter, stigning/helling rett ut frå vegkant og sikt under stoppsikt. Avkøyrslar som denne saka gjeld, er ikkje å rekne som ekstremt dårleg, jamfør illustrasjonane på neste side. Frisikta vert i dag hindra av noko vegetasjon, men det er tilhøve som kan rettast opp utan at det vert gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrslar. Etter vår vurdering ligg det såleis ikkje til rette for å gjere unntak i denne saka. Å gje unntak i dette tilfellet vil ikkje vere i samsvar med føringane i rammeplanen, og vil kunne få uheldige presedensverkningar.



*Det tekniske kravet til svingradius på 4 meter er vist med raude sirklar i flyfoto.*



*Det er ikkje stigning/helling rett ut frå vegkant (vegfilete frå Google og Statens vegvesen).*

Påstand: Det er andre i området som har fått godkjenning til liknande prosjekt.  
Statens vegvesen har spurt klagar kva eigedommar han her siktar til, men han vil ikkje gje dei opplysningane. Det er såleis vanskeleg for oss å gjere ei vurdering av dette punktet i klagen.

#### Oppsummering

Statens vegvesen held fast på vurderinga om at etablering av ein ny bustad i dette området vil vere i strid med dei rikspolitiske retningslinjene for samordna areal- og transportplanlegging. Vi er særleg uroa for trafikktryggleiken for mjuke trafikantar, då fylkesvegen på staden manglar eige tilbod for gåande og syklende. Opning for ein ny bustad i denne saka, vil kunne få uheldig presedensverknad for andre liknande saker i nærområdet.


#### **Konklusjon**

Statens vegvesen har vurdert klagen og finn ikkje å kunne ta den til følge.

Saka vert med dette sendt over til Hordaland fylkeskommune som klageinstans.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing

  
Olav Finne  
avdelingsdirektør

  
Sindre Lillebø  
seksjonsjef

Kopi: Rune Nilsen, Holmeknappen 17, 5918 FREKHAUG